

Til

Statsminister Erna Solberg

Førde 14.04.2015

Kva vil regjeringa med Distrikts-Norge ?

Samtlege gruppeleiarar i Førde Bystyre etterlyser ein meir aktiv og tydeleg distriktpolitikk.

Kva vil regjeringa og Stortinget med Distrikts-Norge ? Om svaret er at ein ønskjer vekst og utvikling også her, ja då må ein finne dei rette verkemidla som saman med dei lokale næringsaktørane, kommunane og fylket vil gje ønskja resultat.

Det må leggjast fleire oppgåver og arbeidsplassar både i eksisterande og nye statlege verksemder til stader utanfor hovudstaden!

Ny teknologi og betre kommunikasjonar må føre til at statlege verksemder blir oppretta eller flytta til distrikta! Ikkje omvendt. Veksten i statlege arbeidsplassar må fordelast betre utover landet.

Regjering og Storting må vise handlekraft og sterk vilje i distriktpolitikken!

Dei mange omorganiseringane og reformene som er sette i gong, forsterkar sentraliseringa av statstenestene. Kvar for seg kan det synast naturleg og rett å gjennomføre omstillingar i fleire av sektorane, men når desse endringane blir pressa fram i eit høgt tempo og utan samordning, er det meir til skade enn til fordel. Då må ein stanse opp og skape ein heilskap. Til dømes må alarmsentralane og polititenestene styrast og byggjast ut fylkesvis.

Endringar av det regionale nivået må samsvare med utviklinga av tenestene og kommunereforma. Her må desentralisering av statlege tenester og nærleik til dei som tek avgjerder, vere viktige mål.

Det har vore og er framleis stor verdiskaping i Distrikts-Norge: Energiproduksjon, fiskeri, landbruk, metallproduksjon, oljerelaterte næringar, reiseliv og skipsverft er nokre gode døme. Det må skapast gode rammevilkår for at denne verdiskapinga kan halde fram og aukast, og det offentlege må ikkje legge unødvendige restriksjonar som hindrar utvikling og vekst.

Flytting av statlege verksemder ut av distrikta fører til færre kompetansearbeidsplassar og vil gjere mange fylke og kommunar mindre attraktive og konkurransedyktige. Det må ein viss storleik til når det gjeld arbeidsmarknad for å kunne trekke til seg og behalde eit breitt spekter av kompetansearbeidsplassar som igjen gir grobott for nye verksemder og ny aktivitet.


Nærleik til utdanningsinstitusjonar og god infrastruktur er og viktig. At det går an å utvikle gode statlege verksemder med god tilgang på kompetente tilsette, er Difi på Leikanger, Fiskeridirektoratet i Måløy og Lotteri- og Stiftingstilsyna i Førde gode døme på. Det finnest fleire rundt i landet.

Ta i bruk den krafta og viljen til vekst og utvikling som ligg i distrikta! Når staten går inn og investerer og byggjer i distriktet får ein lojale, stabile og dyktige medarbeidarar som står på for å vise at ein kan og vil byggje verksemda.

Vi har kraft og vilje til vekst og utvikling – Bruk oss!

Kopi: Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner

Frå Førde Bystyre


Terje Gjertsen (AP)


Christina Kvamme (H)



Iris Loftheim (SP)


Jan Taule (V)


Norvall Nøringset (SV)


Bjørn Harald Haugsvær (KrF)


Ove Håkonsen (FrP)


Bjørg S. Refvik (UH)